



Fylkesmannen i Vestland

Vegard Steinsland
Modalsvegen 1425
5729

Vår dato: 19.05.2020
Vår ref: 2019/10031

Dykkar dato: 01.05.2019
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Stein Byrkjeland, 5557 2114

Vedtak - Modalen - Otterstadstølen naturreservat - Flytting og rehabilitering av støl samt drenering av stølsvollen

Vegard Steinsland får løyve til å rehabiliterere og flytte eksisterande stølshus på Otterstadstølen. Han får også løyve til å gjennomføre skånsam drenering av søre delen av stølsvollen i samsvar med det som har vore den opphavlege situasjonen her, og også til å grave ei stikkrenne frå hovudelva nord for stølsvollen for å hindre store vassmengder å nå stølsvollen i nedbørrike periodar. Det er knytt vilkår til løyva.

Vi viser til opphavleg søknad av 1.5.2019 og oppdatert søknad av 21.5.2019 etter felles synfaring på staden 20.5.2019. Søknaden er knytt til stølshus 1412 på sjølve Otterstadstølen i Otterstadstølen naturreservat, men har fleire element i seg:

- (1) Flytting og rehabilitering av stølshus 1412
- (2) Mindre drenering av nedre del av stølsvollen for å betre tilkomst til stølsområdet og ferdsle mellom stølshusa på vollen
- (3) Mindre terregninggrep i Stølselvi oppstraums stølsområdet, for å avgrense mengda vatn som kjem ned til stølsvollen i nedbørrike perioder
- (4) Løyve til bruk av helikopter og gravemaskin for å kunne utføre dei omsøkte tiltaka.

Fylkesmannen ga under synfaringa 20.5.2019 munnlege signal om at vi var positive til tiltaka, men at løyve etter verneforskrifta sjølv sagt måtte formulerast skriftleg.

Bakgrunn

Søkjar er eigar av stølshus 1412 og har såleis både eigar- og bruksinteresser i naturreservatet. Mykje av denne bruken er i dag sentrert til stølshuset og dei nærmaste omgjevnadane på stølsvollen. Stølshus 1412 er no sterkt skadd av stormkast, og omfattande rehabilitering er påkravd og naudsynt. Samstundes er den opphavlege lokaliseringa vesentleg «forsumpa» over tid, som følge av at dei



opphavlege dreneringssystema på stølsvollen har tetta seg og heller ikkje er tilpassa lengre periodar med omfattande og vedvarande nedbør.

Vatn har over tid hopa seg opp både rundt stølshus 1412 og andre stader på stølsvollen. Dette påverkar både tilkomsten til området og den vanlege bruken sterkt, og er bakgrunnen for både ønsket om å drenere denne delen av vollen betre og også å flytte stølshusa noko. Bygningane må då byggjast opp att på ny, i same storleik og same utforming som dei er.

Det kjem i periodar mykje vatn inn på stølsvollen no enn tidlegare. Ei viktig årsak til dette er at Stølselva, når den har mykje vatn, tek eit ekstra løp ovanfor stølen som leiar vatnet ned på stølsområdet. Det skapar ein flaumsituasjon for fleire av brukarane i stølsområdet som ikkje har vore der tidlegare, i alle fall har den ikkje vore så sterkt. I den opphavlege søknaden var det skissert ei løysing om å grave ei grøft utanom stølsvollen og leie vatnet den vegen. Under synfaringa vart vi samde om at vi først burde prøve ut eit mindre teknisk inngrep ved ei kort stikkrenne frå hovudelva der problemet oppstår. Denne løysinga er skissert i søkjars epost av 21.5.2019, og er den løysinga vi handterer her.

Lovheimel

Otterstadstølen naturreservat var oppretta ved kongeleg resolusjon av 17.12.1999. Den tilhøyrande verneforskrifta set i utgangspunktet forbod mot tiltak som kan endre naturmiljøet, herunder oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, jf § IV.3. Etter § V.6 er like fullt vedlikehald av eksisterande stølshus i samsvar med gamal tradisjon lov.

Situasjonen for dette stølshuset er spesiell og kan ikkje karakteriserast som vedlikehald. Søknaden må såleis handsamast etter naturmangfaldlova § 48 som eit tiltak som ikkje er i strid med verneverdakets føremål og heller ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Fylkesmannen utarbeidde i 2013 forvaltingsplan for dette naturreservatet. Otterstadstølen naturreservat er i utgangspunktet eit skogreservat der vi finn den vestlegaste naturlege skogførekomensten av norsk gran i Noreg. Stølshusa på stølsvollen ligg konsentrert på eit mindre, tørrlagt areal, og er ikkje skogkledd. Difor har forvaltingsplanen lagt opp til eit meir tilpassa forvaltningsregime av stølsvollen, og dei omsøkte tiltaka er i samsvar med intensjonane i forvaltingsplanen. Stølsområdet er definert og avgrensa i forvaltingsplanen, og dei omsøkte tiltaka ligg innanfor denne avgrensinga.

Vurdering

Vi er samd med søker i at situasjonen for det aktuelle stølshuset no er spesiell, og ei flytting av dei aktuelle bygga synest å vere ein naturleg tanke. I søknaden er det lagt fram to alternative lokaliseringar som bygga kan flyttast til, der Alt 2 gir den største høgdegevinsten (1,5 m i høve til dagens plassering). Frå Fylkesmannens side vurderer vi begge alternative som akseptable, men understrekar at vi berre vurderer tiltaket etter verneforskrifta for naturreservatet. Det kan vere kulturfaglege omsyn som bør vektast her, men det må i så fall kommunen eller fylkeskommunen vurdere. Flytting må også avklarast med andre rettshavarar i området, men dette legg ikkje Fylkesmannen seg opp i.

Vi har ikkje sett detaljteikningar av dei restaurerte bygga, men oppfattar søknaden som at dei skal vere av same storleik og om lag same utforming som før. Nokre mindre endringar er spesifisert i søknaden. Dei eksisterande bygga har bølgeblekk på taket. Slik takdekke kan ha ein viss tradisjon på



Otterstadstølen, men det har også torvtak. Vi vart under synfaringa samde med søkjar om at det vert sett krav om torvtak, og at oppgravgd torv frå dreneringa i nærområdet kan nyttast til dette føremålet.

Dei restaurerte bygga bør ha same farge som dei så langt har hatt. Om denne fargen skal endrast, må den nye fargen vere i samsvar med resten av bygningsmassen i stølsområdet, og ikkje skilje seg markant ut.

Søknaden omfattar også to ulike dreneringstiltak, av ulik karakter og med ulik grunngjeving. Det er ingen tvil om at delar av stølsvollen i dag er langt meir fuktig enn den har vore tidlegare, og at denne utviklinga har eskalert dei seinare åra. At Stølselva i periodar tek eit ekstra løp ovanfor stølen er nytt, og vassmengdene som på denne måten endar på stølsvollen kan vere vesentlege. Dette påverkar sterkt korleis stølsområdet kan nyttast i slike periodar. Den omsøkte dreneringa der stølshus 1412 i dag står har størst påverknad på søkjar sine interesser, men påverkar også tilkomsten til heile stølsområdet. Her er det lagt ut ein gangbane av treplank over eit tidlegare drenert område som no mest har karakter av myr, og gangbanen er tidvis dekt av overvatn. Omfattande drenering i eit verna naturområde er til vanleg lite ønskjeleg, men føremålet med vern av Otterstadstølen naturreservat er skogvern. Skogen vert ikkje påverka av det omsøkte tiltaket. Vi har såleis forståing for ønsket om å grave opp att noko av den gamle dreneringa her for å tørrleggje det nære arealet til bygningsmassen betre, men vart under synfaringa samd med søkjar om at omfanget av dreneringa skulle avgrensast vesentleg samanlikna med den opphavlege søknaden.

Vurdering etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (§§ 8-12)

Tiltaket vedrører ikkje naturskogen, som er det sentrale verneføremålet i dette naturreservatet. Ei flytting av stølshusa inne på stølsvollen vedrører heller ikkje noko naturmangfald. Det vil dreneringa i utkanten av stølsvollen kunne gjere, men dette er eit areal som har blitt gradvis meir «forsumpa» dei siste tiåra, og fleire av artane som veks der har såleis ingen lang historie. Vi har ikkje kunnskap i detalj om kva artar som finst i denne myra, men arealet som vert påverka er lite samanlikna med totalarealet for denne naturtypen her. Etter ei vurdering der føre-var prinsippet er lagt til grunn meiner vi at inngrepet er legitimt, og at krava etter naturmangfaldlova §§ 8-9 er innfridd.

Tiltaka vil tilbakeføre tilstanden på stølsvollen nærmere opp mot det den var på vernetidspunktet. Det gir såleis ingen ekstra belasting (§10) i høve til verneføremål og verneverdiar. Kostnadane ved tiltaka vert dekt av tiltakshavar, så § 11 er innfridd. Med utgangspunkt i vilkåra som vert sett til løyvet, er også § 12 å rekne som innfridd.

Vedtak


I medhald av naturmangfaldlova § 48 får søkjar løyve til å rehabilitera og flytte stølshus 1412 i samsvar med tilsendt søknad med revisjonar i epost av 21.5.2019. Søkjar får også løyve til å utføre omsøkt drenering på to stader i området, der endringane i nemnde epost er førande.

Følgjande vilkår gjeld:

- (1) Løyvet gjeld berre etter verneforskrifta for Otterstadstølen naturreservat. Kommunen må i tillegg godkjenne byggjesøknaden på ordinært vis, og kan setje tilleggskrav som ikkje bryt med vårt vedtak eller verneforskrifta for området.



- (2) For Fylkesmannens del er både Alt 1 og Alt 2 for ny plassering akseptable, men flyttinga må vere akseptert av dei andre oppsitjarane på Otterstadstølen. Det er søkjar sitt ansvar å klarere dette.
- (3) Bygga kan restaurerast og gjenreisast i same storleik og same utforming som før, med dei avvik som er presisert i søknaden. Eksisterande material skal gjenbrukast i størst mogleg grad. Bygga skal ha torvtak og skal ha same farge som før, eventuelt farge som samsvarar godt med andre bygningar på stølsvollen.
- (4) Oppgravd torv frå dreneringa i nærområdet kan nyttast til torvtaket.
- (5) Området skal ryddast godt etter tiltaket, og avfall og kasserte materialar skal fjernast frå reservatet.
- (6) Løyvet gjeld også som dispensasjon frå forbodet mot motorferdsle som er sett i vernereglane. Helikoptertransport kan nyttast i naudsynt omfang, men talet på turar skal rapporterast til Fylkesmannen når tiltaket er avslutta. Vi gjer merksam på at også kommunen må gje løyve til bruk av helikopter etter lovgjevinga om motorferdsle i utmark. Ei minigravemaskin kan fraktast inn med helikopter dersom tiltakshavar ser seg tent med det, men terregngskadar etter gravinga skal vølast før ei slik maskin vert frakta ut att.
- (7) Myra i søre delen av stølsvollen skal ikkje drenerast meir enn det som er naudsynt for at ein vil oppnå tenleg bruk av stølshusa på vollen. Mogleg minimumsløysing var avtalt under synfaringa 20.5.2019 (gul strek på kartet ved sidan av), og går frå nedkanten av eksisterande klopper i nordvest til Stølselva. Grøfta skal fungere etter føremålet, men skal ikkje stå fram som eit omfattande naturinngrep i ettertid.
- (8) Stikkrenna frå hovudelva nord for stølsvollen skal utførast slik vi vart samde om under synfaringa 20.5.2019, og som også er skildra i revidert søknad frå søkjar 21.5.2019. Om dette i ettertid skulle vise seg å ikkje vere tilstrekkeleg, er Fylkesmannen open for å finne ei anna løysing, men då etter ny søknad.
- (9) Fleire andre tiltak er planlagt på og ved Otterstadstølen i 2020, med ulike tiltakshavarar. Vi ser det som tenleg at dei ulike aktørane samarbeider om transport og utstyr, i samsvar med dei løyva som vert gitt.
- (10) Fylkesmannen skal varslast når tiltaket er i ferd med å bli sluttført, og dato for sluttsynfaring skal avtalast. I den grad uventa utfordringar kjem til under arbeidet, reknar vi med å bli orientert.



Figur 7 Orientering med forslag til grøfting

Klage

Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Fylkesmannen i Vestland, og må vere sendt innan 3 veker etter at klagar er kjend med vedtaket.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Øistein Aasland
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
SNO v/ Ragni Nordås
Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN